



Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Dato: 05.10.2016
Vår ref.: 2016/8659-2
Saksbehandlar: rutornh
Dykkar ref.:

Folkebiblioteka i Hordaland 2015 - status og utfordringar

Saka var handsama i utval for Kultur, idrett og regional utvikling 14. september 2016, sak 114/16. Det vart gjort slikt vedtak:

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling tek statusrapporten til orientering.
2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling registrerer at Hordaland ligg lågare enn landsgjennomsnittet når det gjeld stillingsressursar og mediekjøp i folkebiblioteka. Kommunane i Hordaland vert oppfordra til å sjå heile bredda i folkebiblioteka sitt samfunnsoppdrag, både kunnskap, kultur, demokrati og lokal møteplass, når dei løyver ressursar til bibliotekenesta. Utvalet vil peike på at mange kommunar har arbeidd godt for å skaffe prosjektmidlar av ulik art, og gjennom dette generert aktivitet og utvikling. Men det er likevel ikkje ein bærekraftig arbeidsmåte. Kommunane vert difor oppmoda om å prioritere auke i grunnfinansieringa. Fylkesrådmannen blir beden om å formidle denne oppfordringa i brev til kommunane.

Vedlagt er saksutgreiing og vedtak i saka.

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør, kultur, idrett

Ruth Ørnholt
Fylkesbiblioteksjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.